

KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/8/19

av 19. mars 2010

om fritak for oppføring av 2,4,4'-triklor-2'-hydroksydifenyleter på EU-lista over tilsetjingsstoff som kan nyttast i framstillinga av plastmateriale og plastføremål som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, i samsvar med direktiv 2002/72/EF*[meld under nummeret K(2010) 1613]*

(2010/169/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1935/2004 av 27. oktober 2004 om materialer og gjenstander beregnet på å komme i kontakt med næringsmidler og om oppheving av direktiv 80/590/EØF og 89/109/EØF⁽¹⁾, særleg artikkel 11 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I vedlegg III til kommisjonsdirektiv 2002/72/EF av 6. august 2002 om plastmaterialer og plastgjenstander beregnet på å komme i kontakt med næringsmidler⁽²⁾ er det utarbeidd ei EU-liste over tilsetjingsstoff som kan nyttast i framstillinga av plastmateriale og plastføremål. I samsvar med artikkel 4a nr. 1 i det nemnde direktivet kan det først opp eit nytt tilsetjingsstoff på denne lista etter at ein søknad er lagd fram og Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik har gjort ei vitskapleg vurdering.
- 2) 23. mars 1998 sende RCC Registration Consulting inn opplysningar på vegner av Ciba Inc. med sikte på ei vurdering av tryggleiken ved 2,4,4'-triklor-2'-hydroksydifenyleter brukt som tilsetjingsstoff i framstillinga av plastmateriale og plastføremål som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel.
- 3) I samsvar med artikkel 4a nr. 5 i direktiv 2002/72/EF vart 2,4,4'-triklor-2'-hydroksydifenyleter ført opp i den førebels lista over tilsetjingsstoff som er nemnd i artikkel 4a nr. 3.
- 4) I fråsegna si av 15. mars 2004 konkluderte Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik med at den bruken av 2,4,4'-triklor-2'-hydroksydifenyleter som det er søkt om, kan godkjennast dersom stoffet ikkje migrerer til næringsmiddel i mengder på over 5 mg per kg næringsmiddel.

- 5) Ciba Inc. informerte Kommisjonen 21. april 2009 om avgjerda si om å trekkje tilbake søknaden om godkjenning av stoffet som tilsetjingsstoff i framstillinga av plastmateriale og plastføremål som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel. Selskapet reknar ikkje bruken av stoffet i plast som er meint for å kome i kontakt med næringsmiddel, som eigna lenger.
- 6) Ettersom det ikkje lenger ligg føre ein gyldig søknad om bruk av 2,4,4'-triklor-2'-hydroksydifenyleter som tilsetjingsstoff i plast som er meint for å kome i kontakt med næringsmiddel, bør stoffet ikkje stå oppført i vedlegg III til direktiv 2002/72/EF.
- 7) I medhald av artikkel 4a nr. 6 bokstav b) i direktiv 2002/72/EF bør stoffet difor strykast frå den førebels lista over tilsetjingsstoff.
- 8) Ettersom 2,4,4'-triklor-2'-hydroksydifenyleter kan ha vorte nytta i framstillinga av plastmateriale og plastføremål som er meinte for å kome i kontakt med næringsmiddel, bør det innførast ein overgangsperiode for marknadsføring av plastmateriale og plastføremål som inneheld dette stoffet.
- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa, og verken Europaparlamentet eller Rådet har sett seg imot dei —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

2,4,4'-triklor-2'-hydroksydifenyleter (CAS-nr. 0003380-34-5, ref. nr. 93930) skal ikkje stå oppført i vedlegg III til direktiv 2002/72/EF.

Artikkel 2

Plastmateriale og plastføremål som er framstilte med 2,4,4'-triklor-2'-hydroksydifenyleter og bringa i omsetning før 1. november 2010, skal kunne marknadsførast fram til 1. november 2011, med atterhald for den nasjonale lovgjevinga.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunnngjort i EUT L 75 av 23.3.2010, s. 25, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 115/2011 av 21. oktober 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold) og vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 70 av 22.12.2011, s. 12.

(¹) TEU L 338 av 13.11.2004, s. 4.

(²) TEF L 220 av 15.8.2002, s. 18.

Artikkel 3

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 19. mars 2010.

For Kommisjonen

John DALLI

Medlem av Kommisjonen
